

MØTEPROTOKOLL

Møte i representantskapet for Sotra og Øygarden brannvesen IKS

Møtestad: Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten
Dato: 10.11.2016
Tidspunkt: 09:00 - 09:45

Følgjande medlem møtte

Børge Haugetun
Atle Dåvøy
Lars Olav Hjartøy
Kari-Anne Landro
Nils Kåre Skoge

Funksjon

Leiar
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem

Representerer

Øygarden kommune
Øygarden kommune
Fjell kommune
Sund kommune
Sund kommune

Fråfall

Marianne Sandahl Bjørøy meldte fråfall.
Varamedlem Ernst Einarsen møtte for Marianne Sandahl Bjørøy.

Andre som møtte

Per Heiberg- Andersen
Kari Hesjedal

Prosjektleinga
Prosjektleinga


KPMG
KPMG



Leiar



Medlem



Medlem

Kopi:

- postmottak@oygarden.kommune.no
- postmottak@fjell.kommune.no
- postmottak@sund.kommune.no

Sak nr.	Innhald	Merknad
7/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste	
8/2016	Godkjenning av møteprotokoll	Vedlegg
9/2016	Val av styre	
10/2016	Handsaming av styreinstruks	Vedlegg
11/2016	Orienterings sak	
12/2016	Neste møte	
	Eventuelt	

Sak 7/2016 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Møteinnkalling og saksliste vert godkjent utan endringer.

Sak 8/2016 Godkjenning av møteprotokoll

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjent utan endringar. Til å skrive under protokollen vel representantskapet Ernst Einarsen og Kari-Anne Landro, i tillegg til leiar av representantskapet.

Sak 9/2016 Val av styre

Vedtak:

Fylgjande styremedlem med vara vart valt:

Frå Sund kommune:

Medlem: Per Rune Eikeseth

Medlem: Nina Glesnes

Varamedlem: Rudolf Krondorfer

Varamedlem: Liv Trellevik

Frå Fjell kommune:

Medlem: Sveinung Vethe, AP

Medlem: Svein Bergh, SL

Varamedlem: Anita Undal, H

Varamedlem: Monica Alvheim, MDG

Frå Øygarden kommune:

Medlem: Olav Martin Vik

Medlem: Silvia Haugland

Blant styremedlemmene valte representantskapet Per Rune Eikseth som styreleiar og Olav Martin Vik som nestleiar i styret.

Representantskapet rår til at høvesvis Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen får lik representasjon i styringsgruppa for samanslåingsprosjektet.

Sak 10/2016 Handsaming av styreinstruks

Vedtak:

Representantskapet vedtek styreinstruksen slik den ligg føre med fylgjande endring i 4. avsnitt, 1. setning. Setningen "Instruksen gjeld frå signering og inntil vidare" endrast til "Instruksen gjeld frå den er vedteke og inntil vidare". I tillegg må instruksen gjennomgåast med omsyn til korrektur.

Sak 11/2016 Orienteringssak

Brannsjefen i Øygarden kommune er ansvarleg for beredskap i kommunen. Ved etablering av nytt felles brannvesen vert mannskapet i brannvesenet overført til nytt selskap. Øygarden kommune må dermed finne nye løysingar for å ta ivare beredskap fram til kommunesamanlinga mellom Sund, Fjell og Øygarden i 2020. Øygarden kommune har behov for ei mellombels løysning fram til 2020 for å ta i vare beredskapsansvaret som brannsjefen utfører i dag.

KPMG orienterte i møte om arbeidet med å undersøke ei mogleg mellombels løysing for å ta i vare beredskapsansvar og tilhøyrande oppgåver som brannvesenet i Øygarden kommune utfører i dag. Ide/skisse til mogleg løysing vart drøfta i møtet. På neste møte vert det lagt fram ei sak som konkretiserer skisse til løysing.

Vedtak:

Representantskapet tek informasjonen til orientering.

Sak 12/2016 Neste møte

Vedtak:

Neste møte vert 30.1.2017 kl. 09.00 – 11.00 på Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten.

Eventuelt

Leiaren orienterte om at Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen arbeidar med ny ROS-analyse. I samband med dette arbeidet er leiar i Representantskapet orientert om at det har vore uforpliktande dialog med Statoil. Dette slik at brannvesenet, i ROS-analysen, kan to omsyn til ulike aspekt knytt til verksemda på Sture og Kollsnes.

KPMG orienterte om at informasjon om nytt felles brannvesen er lagt ut på nettsida:
www.regionradetverst.no

KPMG orienterte om at KPMG har hatt orienteringsmøte 12.10.2016 med tillitsvalte og leiarar i Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen.